

**Forvaltningsplan for Årdalen
naturreservat
Åmli og Bygland kommunar
Aust-Agder**



Forord

Årdalen naturreservat vart oppretta ved kgl.res. 17. desember 1993 og omfattar areal både i Bygland og Åmli kommunar i Aust-Agder fylke.

Fylkesmannen i Aust-Agder tok hausten 2007 initiativ til å utarbeide forvaltningsplan for Årdalen naturreservat, og Christian Steel vart engasjert som konsulent for å gjennomføre arbeidet.

Nyare bakgrunnsstoff til forvaltningsplanen vart henta inn ved medverknad frå grunneigarar og ulike instansar. Gjennom kunngjering i pressa og på Fylkesmannen si heimeside ved oppstart av arbeidet, og gjennom to møter hausten 2009 med grunneigarar og representantar frå Bygland og Åmli kommunar kom det fram mykje nyttig informasjon. Oversikt over deltakarane går fram av kapittel 5.4. Sommaren 2008 gjennomførte Steel ei synfaring i Årdalen saman med botanikar og kulturøkolog Ellen Svalheim med særleg fokus på å undersøke kulturlandskapsverdiane i området.

Arbeidet med å utforme sjølve forvaltningsplanen har vore utført i nær dialog mellom Fylkesmannen og konsulent. Frå Fylkesmannen har arbeidet vore leia av Øyvind Fredriksson og Karin Guttormsen.

Fylkesmannen vil takke alle som har medverka i arbeidet med forvaltningsplanen, grunneigarar, interesseorganisasjonar, kommunane og SNO for innspel og Ellen Svalheim for feltarbeid.

Fylkesmannen takker konsulent Christian Steel for godt samarbeid under arbeidet med forvaltningsplanen.

Forvaltningsplanen for Årdalen naturreservat er godkjent av Fylkesmannen i Aust-Agder 27. september 2010.

Arendal, 27. september 2010

Jan Atle Knutsen
fylkesmiljøvernsjef

Samandrag

Årdalen naturreservat i Bygland og Åmli kommunar i Aust-Agder dekker eit areal på 21,3 km². Det vart oppretta for å ta vare på eit større samanhengande naturområde som er lite påverka av menneskelege inngrep og med ein variert natur som samla er representativ for midtre delar av fylket.

Det er ei nasjonal satsing å utarbeide forvaltningsplanar for verneområde for til dømes å klare opp i tvilsspørsmål, i høve til verneforskrifta gje retningsliner for korleis det kan gjevast løyve til tiltak i verneområdet og lage opplegg for skjøtselstiltak og tiltak for friluftsliv.

Denne forvaltningsplanen gjer greie for dei naturfaglege, kulturhistoriske og friluftsmessige verdiane i naturreservatet, og deretter brukarinteressene. I kapittel 4 vert forvaltningsoppgåver og tiltak gjennomgått, inkludert nye retningsliner for tiltak på og ved støylane. Elles er hovudvekta lagt på å leggje til rette for enkelt friluftsliv og informasjonstiltak. Dei viktigaste tiltaka er oppsummert i ein tabell i kapittel 4.11.

Kapittel 5 omtaler forvaltningsstyresmakt, sakshandsaming, oppsyn og den prosessen som har leidd fram til denne forvaltningsplanen. Fylkesmannen i Aust-Agder er forvaltningsstyresmakt for naturreservatet. Dette inneber mellom anna ansvar for å handsame søknader om dispensasjon frå verneforskrifta. Statens naturoppsyn (SNO) har som oppgåve å føre oppsyn, gjennomføre skjøtsel og informere.

Verneforskrifta regulerer bruken av Årdalen naturreservat og ligg til grunn for utarbeiding av forvaltningsplanen. Ved praktisk forvaltning vil forvaltningsstyresmakta legge avgjerande vekt på verneformålet og at tiltak ikkje kjem i strid med dette. Forvaltningsplanen gjeld for perioden 2010-2018, eller til den vert avløyst av ein ny plan.



Innhold

FORORD	2
SAMANDRAG	3
INNHALD	4
1 INNLEIING	1
2 OMRÅDESKILDRING	2
2.1 LOKALISERING	2
2.2 KLIMA OG GEOLOGI.....	2
2.3 VEGETASJONSTYPAR OG PLANTELIV	4
2.4 DYRELIV	4
2.5 KULTURHISTORIE, KULTURMINNE OG KULTURLANDSKAP	5
2.6 FRILUFTSLIV.....	6
3 BRUKARINTERESSER	8
3.1 STØYLSEIGEDOMAR OG BYGNINGAR	8
3.2 BEITING OG ANNA LANDBRUK	8
3.3 SKOGBRANN	9
3.4 JAKT	9
3.5 FRILUFTSLIV	9
3.6 NÆRLIGGANDE OMRÅDE	11
3.7 INFORMASJON	11
4 FORVALTNINGSOPPGÅVER OG TILTAK	13
4.1 FORVALTNINGSMÅL OG BEVARINGSMÅL.....	13
4.2 BIOLOGISK MANGFALD	13
4.3 KULTURMINNE OG KULTURLANDSKAP	14
4.4 STØYLSEIGEDOMAR OG BYGNINGAR	14
4.5 BEITING OG ANNA LANDBRUK	16
4.6 SKOGBRANN	16
4.7 JAKT	16
4.8 FRILUFTSLIV	17
4.9 NÆRLIGGANDE OMRÅDE	19
4.10 INFORMASJONSTILTAK	19
4.11 OPPSUMMERING AV TILTAK	20
5 FORVALTNINGSSTYRESMAKT, SAKSHANDSAMING OG OPPSYN	21
5.1 FORVALTNINGSSTYRESMAKT	21
5.2 SAKSHANDSAMING	21
5.3 OPPSYN	21
5.4 PROSESS – ARBEIDET MED FORVALTNINGSPLANEN	21
5.5 ØKONOMI	22
6 LITTERATUR	23
VEDLEGG	I
I. VERNEFORSKRIFT	I

1 Innleiing

Årdalen naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon 17. desember 1993 for å ta vare på eit større samanhengande naturområde som er lite påverka av menneskelege inngrep, og med ein variert natur som samla er representativ for midtre delar av Aust-Agder fylke. Reservatet ligg i Bygland og Åmli kommunar med eit samla areal på ca. 21,3 km².

Kvar femte art som er kjent i Noreg står på den norske raudlista over trua artar. Dei fleste er klassifisert som trua på grunn av arealbruksendringar. Områdevern er eit av fleire verkemiddel som nyttast av norske styresmakter for å stanse tap av biologisk mangfald. Samstundes er arealvern ofte omstridd, og det har frå fleire hald kome kritikk mot forvaltning av etablerte verneområde.

Eit konfliktdempande tiltak som styresmaktene legg vekt på, er utarbeiding av forvaltningsplanar. Slike planar kan klare opp i tvilsspørsmål, gje retningsliner for korleis det kan gjevast løyve til tiltak i verneområdet og lage opplegg for skjøtselstiltak og tiltak for friluftsliv.

Retningsliner frå Direktoratet for naturforvaltning seier at ein forvaltningsplan skal

- presisere og utdjupe verneforskrifta, både verneføremålet og enkeltbestemmingar
- dokumentere tilstand for natur, kulturmiljø, kulturminne og brukarinteresser
- definere forvaltningsmål, og bevaringsmål, ut frå punkta over
- definere naudsynte og/eller ynskja tiltak
- gje ein oversikt over oppgåver med ansvarsfordeling og myndigheit
- gje retningsliner for dispensasjonspraksis og bruk av området
- gje ein oversikt over oppgåver med ansvarsfordeling og myndigheit
- gje rutinar for behandling av saker etter verneforskrifta

Retningslinene seier vidare at ein forvaltningsplan kan innehalde ein eller fleire tiltaksplanar:

- Bruks- og driftsplan, dvs. en plan over rettshavaranes bruk og/eller ulike tilretteleggings- og informasjonstiltak
- Skjøtselsplan
- Plan for overvaking og/eller forskning

Forvaltningsmål

Forvaltningsmål er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til eit verneområde. Dette kan til dømes vere verdiar/kvalitetar knytt til areal, biologisk mangfald og naturtype eller interesser knytt til friluftsliv, brukarinteresser og næringsinteresser.

Bevaringsmål

Bevaringsmål er ei presisering av forvaltningsmål knytt til naturkvalitetar. Bevaringsmål definerer den tilstanden ein ynskjer at ein naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmål skal vere målbare. Det vil si at dei skal presiserast gjennom mål for areal, naudsynte strukturar/prosessor og/eller førekomst av bestemte artar osv. Sjå side 12.

Føremålet med fredinga av Årdalen naturreservat er i følgje verneforskrifta "*... å ta vare på eit større samanhengjande naturområde som er lite påverka av menneskelege inngrep...*" Det er difor ikkje aktuelt med omfattande tiltak i Årdalen, og ein har difor ikkje sett behov for å utarbeide tiltaksplanar. Dei fleste av dei andre punkta er derimot handsama i dette forslaget til forvaltningsplan.

Fylkesmannen legg opp til at forvaltningsplanen skal vare for en periode på 10 år. Årdalen er under liten forandring, og det er i dag ikkje noko som tyder på at det vil vere behov for større endringar ved framtidig rullering av forvaltningsplanen.

2 Områdeskildring

Områdeskildringa er langt på veg henta frå verneframlegget frå 1991, med nokre oppdateringar og tilføyingar. Rapporten "Om bruk og vern i øvre del av Tovdalsvassdraget" utgjeve av Aust-Agder fylkeslandbruksselskap (1980) er òg ei sentral kjelde.

2.1 Lokalisering

Årdalen naturreservat ligg i Åmli og Bygland kommunar i Aust-Agder. Av eit samla areal på 21,3 km², ligg 15,5 km² i Åmli og 5,8 km² i Bygland. Høgda over havet er 450-800 meter, og reservatet ligg kring 58° 54' N 08° 00' Ø.

Avgrensinga følgjer i hovudsak nedslagsfeltet eller landskapshorisonen på begge sider av hovuddalføret som er Tovdal. Sørleg avgrensing går på sørsida av Rjukanfossen i Åmli, og nordleg ved skogsbilvegane som går inn frå Åraksbø i Bygland.

Årdalen har sin største verdi som typeområde. Dei fleste naturtypane i denne delen av fylket finn ein her, og det er stor variasjon mellom rike og fattige marktypar. Landskapet inneheld karakteristiske trekk av ein dal som går frå elveslette til hei.

Mot aust grensar Årdalen naturreservat mot Rukkevatn naturreservat, og i nordaust mot Furebuheii naturreservat. Til saman utgjer desse tre reservata eit verna areal på 42,7 km².


2.2 Klima og geologi

Berggrunnen i Årdalen er i hovudsak grunnfjell med ulike typar gneis og granitt, med noko innslag av amfibolitt, mellom anna ved Nuten. Vekslinga mellom gneis og granitt speglar seg att i skilnaden i terrengformer.

Under istida vart terrengoverflata høgla i sørleg retning, slik at knausane vart avrunda på nordsida, men bratte og steile på sørsida. Dalen sitt U-forma tverrsnitt syner tydeleg at den er forma av isen. Elvelaupet er karakterisert av stadige skiftingar mellom stille loner, fossar og stryk. Rjukanfossen i nedre del av området har høg verneverdi som eit av dei siste større urørte fossefalla som er att i Aust-Agder med rimeleg stor vassføring og upåverka omgivnader.

Under siste istid vart det lagt att lausmassar i form av morenar, spesielt i dalbotnen. Høgare opp er mykje av det finare morenematerialet vaska bort av rennande vatn, som er det viktigaste formskapande elementet i dag. På elvesletta i dalbotnen finn ein opp til 10 meter tjukke breelvavsetnader. Desse kvartærgeologiske breelvavsetnadene er rekna som særskilde verneverdige.

Tovdalselva som renn gjennom Årdalen inneheld lite suspendert materiale. Dei geologiske tilhøva gjer at vatnet er mindre surt enn lenger nede i vassdraget, medan elektrolyttinnhaldet er lågare på grunn av lengre avstand frå kysten.



Figur 1: Kart over Årdalen naturreservat.

2.3 Vegetasjonstypar og planteliv

I Årdalen finn ein dei fleste plantesamfunna og plantartane som finst naturleg i denne delen av fylket. Området er prega av fattige barskogstypar med furu, gran og bjørk som dei viktigaste treslaga. Dei vanlegaste skogplantesamfunna er lyng-furuskog (på sand- og grusavleiringane i dalbotnen og på toppane), blåbærgranskog (i liene) og blåbær/småbregne-bjørkeskog (høgst oppe). Andre skogplantesamfunn er småbregnegranskog, storbregnegranskog og furumyrskog. Glissent tresatt fuktskog med mykje blåtopp (G2 Blåtoppeng) er og vanleg i Årdalen som i resten av skogsbygdene og heitraktene i Agder og er ein indikasjon på utmarksslått i tidlegare tider. I området ved Nuten finn ein delvis attgrodd hagemarkskog som dels kan vere eit kulturprodukt av lågurtgranskog, men kanskje meir truleg ein utpostlokalitet av rik edellauvskog. Her har treslag som alm, hassel, lønn, gråor hegg og rogn dominert, men staden gror no att med ein del gran og bjørk.

Somme stader har det tidlegare stått furu der det no veks gran, og grove stubbar vitnar om hogst av denne furuskogen for lang tid tilbake. Fordi det har vore drive plukkhogst i området fram til 1930-talet, kan skogen førebels ikkje karakteriserast som eigentleg urskog utanom i somme bratte dalsider. Men sidan det ikkje har vore hogst i nyare tid, har skogen likevel eit urørt preg, stadvis med høgt innslag av grov osp og bjørk. Førekomsten av vedlevande sopp (kjuker) og lav er høg, og kjuker synest å vere den viktigaste årsaken til at gamle osp- og bjørketre i området dør.

Dei fleste myrene i Årdalen er næringsfattige, men det finst nokre mindre myrdrag med næringsrikt grunnvatn og meir artsrik flora. Etter utforminga kan myrene delast i bakkemyrer, strengemyrer og flatmyrer. Den vanlegaste myrtypen er bakkemyr med rome og bjønnskjegg som dei vanlegaste artane. Der næringstilhøva er betre, dominerar blåtopp og tepperot.

Mellom Ånebjør og Videstøyl ligg eit godt utvikla strengmyr-kompleks i ei svak helling mot nordaust. Det finst her store einsarta fastmatter av bjønnskjegg, medan det i dei nedste delane er store, vassfylte parti (flarkar). Strengmyrene i Årdalen er den einaste sørvestlege utposten av denne myrtypen som er att i landet vårt, og er difor vurdert som sær verneverdig.

Langs elva og ved Stornestjørn er det store område med flatmyrer med bjønnskjegg som den vanlegaste arten. Ein del av myrene i dalbotnen har vore nytta som utslåtter fram til 1930-åra, og den store dominansen av bjønnskjegg kan vere eit resultat av denne myrslåtten. Den sjeldne orkideen, kvitkurle skal vere registrert i Årdalen, men det er usikkert kor og av kven.

Vassvegetasjonen i Årdalen består av få artar. I strie elveparti veks det grønalgar og levermose. I rolege parti med sand- og mudderbotn finn ein karplanter som botnegras og elvesnelle, medan nøkkerose kan vere den einaste karplanta i loner og tjern.

2.4 Dyreliv

Den virvellause faunaen i elva i Årdalen er typisk for forsuringpåverka vassdrag i indre Agder med fjørmygg, fåbørstemark, vårfluger, døgnfluger, steinfluger og knott som dei viktigaste artsgruppene.



Figur 2: Skogen har heile vegen eit urørt preg, stadvis med høgt innslag av grov osp og bjørk og med både ståande og liggjande død ved som er levestad for mange artar. Foto: Christian Steel.

Førekomsten av virvellause dyr på land er ikkje nærare undersøkt, men må forventast å vere representativ for denne delen av fylket. Truleg kan ein og finne urskogartar, til dømes biller som ikkje klarar seg i skjotta skogar. Like utanfor sørgrensa av reservatet er dagsommarfuglen, svaberggringvinge funne (M. Erichsen pers. medd.), og det er truleg at den og er å finne innanfor reservatet. Denne arten er i heile Nord-Europa berre kjend frå midtre delar av Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder.

Av fisk, amfibier og krypdyr finn ein aure, vanleg frosk, stålorm, firfisle, buorm og hoggorm. I tillegg skal det finnast bekkerøye i Videstøyltjenn og Rukkevatn (H. Klemetsen, pers. medd.) som i følgje må vere sett ut i nyare tid, truleg på 1980-90-talet. Auren i Årdalen overlevde perioden med sur nedbør på 1900-talet, medan han vart utrydda lenger ned i vassdraget (til dømes i Tveitvatn). Dette skuldast at vasskvaliteten ikkje var noko gunstigare før forsuringa i dette området på grunn av dei geologiske og kvartærgeologiske tilhøva. Årdalsauren kan difor reknast som ein av dei få opphavlege aurestammane i indre Agder, av betydning for det biologiske mangfaldet i landsdelen.

Når det gjeld fuglar og pattedyr, finn ein òg dei artane som er typiske for landsdelen. Bever sett ofte tydelege spor i terrenget med stadvis omfattande damanlegg. I tillegg finn ein fleire artar av zoogeografisk interesse, mellom anna høgfjellsartar som fjellrype, jaktfalk, dvergfalk, blåstrupe og villrein, dessutan ein del låglandsartar. Det er eit for landsdelen godt utval av våtmarksfuglar i Årdalen, og det går fugletrekk langsmed dalen vår og haust. Om vinteren er Årdalen viktig for elg som trekkjer ned frå store kringliggande område for å finne vinterbeite.

Dei urørte naturtilhøva gjer at Årdalen er av særleg verd for sky artar som kongeørn, hubro, bjørn, jerv og gaupe. Kvitryggspetten, som er fåtallig på sørlandet og har forsvunne frå store deler av austlandet, finst framleis i Årdalen fordi det her er god førekomst av daude og råtnande tre over eit større område. Også andre sårbare spetteartar som dvergspett, tretåspett og gråspett hekkar i området. Årdalen er ein av få plassar i Noreg der alle dei sju "ekte" norske spettane hekkar.

2.5 Kulturhistorie, kulturminne og kulturlandskap

Av fornminne er det innanfor det aktuelle verneområdet funne tre steinalderbuplassar, fire jarnvinneplassar, tre gardsanlegg (frå jarnalder og/eller middelalder), eit støylsområde av uvisst alder, eit kulturlag og ei dyregrav. Restane etter dei tre gardsanlegga er vurdert som verneverdige i nordisk samanheng, og ligg andre stader enn dei tre støylane som er aktive i dag.

Av nyare tids kulturminne finn ein høyløer og slåttestøylyar som har vore nytta fram til siste krig. Støylsdrifta i området kan truleg følgjast attende til 1600-talet. Tre av støylyane (Stuvestøyl, Ånebjør og Videstøyl) er haldne ved like og nyttast i dag som hytter. Av størst verneverdi har vore husa og miljøet ved Nuten og ei høyløe ved Videstøyl, men desse bygningane er i dag rast ned.



Figur 3: Ved Nuten finn ein hagemarksskog.
Foto: Christian Steel.

I Årdalen har tidlegare støyldrif sett preg på landskapet. Ikkje berre møter ein støyilsvollar med gamle buer, men om ein er oppmerksom kan vegetasjonen i dag fortelje om utnytting frå tidlegare tider. Det har vore praktisert slåtteseterbruk i Årdalen, og som så mange andre stader i Agder har utnyttinga vore relativt intensiv. Dette kan ein i dag sjå tydelege spor av i vegetasjonen mellom anna på myrene.

Det vart slutt med slått i Årdalen like etter andre verdskrig, og etter at den tradisjonelle støyldrif opphørte vart det frå Tovdalsida vanleg å sleppe sauer på utmarksbeite i Årdalen. Sidan 2005 har det ikkje vore saubeite i Årdalen, noko som merkast på vegetasjonen på støyilsvollar, stiar og tidlegare ope areal.

Vollane rundt dei tre aktive støyilane (Stuvestøyil, Ånebjør og Videstøyil) vart av Svalheim (2008) karakterisert botanisk som nokså ordinære (finnskjeegg-eng; G5 og engkvein-rødsvingel-gulaks-eng; G4), medan området ved Nuten inneheld hagemarksskog av ein rik edellauvskogstype (D4 "Alme-hasselskog") og er gjeve A-verd.

Husdyr på utmarksbeite trekk naturleg inn mot støyilsvollar og andre ope plassar og har sidan krigen medverka til å oppretthalde flekkar med kulturavhengig vegetasjon. Streifbeiting av sau har ikkje kunna forhindre attgroing med lauv, berre forsinke det til ein viss grad. Naturen har teke att mykje av kulturlandskapet i Årdalen, sjølv om ein framleis kan sjå mange spor etter menneskelege inngrep også utanfor setervollane. Landskap og natur har allereie eit anna preg enn det hadde for 50-100 år sidan, og ei utvikling mot "villmark" vil langsamt halde fram. Etter kvart som skogen vert eldre vil den bli ennoå meir open, og spora av kulturlandskap frå tidlegare tider vil gradvis forsvinne.



Figur 4: Vollane rundt støyilane er framleis ope, men ber stadvis preg av gjengroing. Her ved Ånebjør. Foto: Christian Steel.

2.6 Friluftsliv

Årdalen er eit verdifullt område for friluftsliv i overgangen mellom skog og hei og ligg sentralt i den sørlege delen av dei langstrakte turområda i Setesdal Austhei. Som det siste større skogdominerte

området i Aust-Agder som ikkje er rørt av tyngre tekniske inngrep som til dømes skogsbilvegar og kraftliner, har det stor verdi som villmarksområde. I samband med konsesjonssøknaden frå Aust-Agder Kraftverk for utbygging av Tovdalsvassdraget var det viktigaste ankepunktet frå friluftslivet at denne utbygginga ville øydelegge villmarksområdet i Årdalen.

Årdalen er frå friluftshald karakterisert som eit særst opplevingsrikt område på grunn av villmarkspreget, variasjonsrikdomen med omsyn til landskap, flora og fauna og det generelle landskapsbiletet – ikkje minst med tanke på kontrasten mellom den flate dalbotnen og dei bratte skogkledde liene. Den vassrike Rjukanfossen er med på å forsterke naturopplevinga, og er saman med stryka oppover frå Ånebjør eit vakkert landskapselement som gjev sus av villmark.

Årdalen ligg slik til at området er tilgjengeleg for dagsturar for folk frå Aust- og Vest-Agder. Villmarksprega friluftsområde er elles vanskeleg tilgjengelege då dei til vanleg krev at ein bruker fleire dagar på turen.

Verneområdet er utforma slik at det dekkjer eit heilskapleg og lite påverka landskapsrom for å sikre dei verdifulle naturkvalitetane og opplevingsverdiane i Årdalen.

3 Brukarinteresser

3.1 Støylseigedomar og bygningar

Problemstillingar knytt til eigedomane gjeld særleg vedlikehald, tilbygg og vedhogst. Verneforskrifta har fleire punkt som er relevante i samanhengen:

- Kapittel IV, pkt. 2: *"Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar og andre faste innretningar (...)"*
- I følge kapittel V pkt. 4 er vernereglane derimot ikkje til hinder for *"Bruk og vedlikehald av eksisterande setrer med setervollar i samband med seterdrift."* Det står og at *"Naudsynt vedhogst til bruk ved desse setrene kan skje etter nærare retningslinjer frå forvaltningsstyresmakta."*
- Kap VI pkt. 1 og 2 seier at forvaltningsstyresmakta kan tillate *"Mindre ombygging av eksisterande setrer når dette er naudsynt for bruk i medhald av kap. V, pkt. 4."* og *"Motorferdsel på vinterføre i samband med tiltak nemnd under kap. V, pkt. 3 og 4."* Kap. V pkt. 3 og 4 gjeld sauebeite og bruk/vedlikehald av støylane.

Innanfor verneområdet er det tre støylar med bygningar som framleis står: Stuvestøyl, Ånebjør og Videstøyl (sjå kart side x). Alle støylane har berre ein bygning som er egna for overnatting, medan to av støylane i tillegg har bygningar som er meir eller mindre samanraste. Overnattingsplassane blir brukt i samband med utøving av næring (utmarksbeite av sau), under jakt og fiske samt for anna friluftsliv.

Det har kome innspel om at vedlikehald er krevjande all den stund bygningane ligg langt frå veg og motorisert ferdsel er forbode. Samstundes er motorisert ferdsel i *all* utmark forbode, og grunneigarar må i alle høve søkje om løyve til slik køyring. Bygland kommune har vist til opplegget i Setesdal Vesthei landskapsvernområde som har generelle retningslinjer for motorisert ferdsel med grenser for kor mange turar og helikopterløft i året ein kan ta. Søknad handsamast av kommunen som er forvaltningsstyresmakt. Fylkesmannen vil framheve at i eit naturreservat gjeld strengare reglar enn i et landskapsvernområde om kva ein kan tillate av tiltak. Det har kome framlegg om å bruke trevirke frå staden til vedlikehald av støylane og ei lita mobil sag til å skjære plankar, og ein har hevda at ein vil kome langt med berre nokre få tre.

I denne forvaltningsplanen vert dei to omgrepa støyl og seter brukt synonymt og "seterdrift" omtala i §§ 5 og 6 i verneforskrifta gjeld også støyling.

Det har vore ytra frå både grunneigarar og andre som ferdes i området at ein ynskjer å halde setervollane ope.

Verneforskrifta seier at vedhogst "kan skje etter nærare retningslinjer frå forvaltningsstyresmakta". Slike retningslinjer har blitt etterlyst, og det har blitt uttrykt ynskje om at slike retningslinjer blir så lite byråkratiske som mogleg.

3.2 Beiting og anna landbruk

Årdalen har i mange hundre år vore brukt til støyling, slått og utmarksbeite (sjå over). Støylsdrift og slått er ikkje lenger aktuelt, men området nyttast framleis til sauebeite av einskilde grunneigarar.

I samband med utnytting til sauebeite har det vore spørsmål om løyve til utkøyring av saltstein. Ein slik saltstein vil kunne bidra til å kanalisere beitinga til område ein ynskjer å ha beita, og dessutan kan det reknast som eit viltpleietiltak.

Skogbruk er ikkje tillete i høve til verneforskrifta. Andre former for landbruk er ikkje aktuelle innanfor reservatgrensene.

3.3 Skogbrann

Brann er ein naturleg del av eit skogøkosystem, særleg furuskog der dei gamle trea toler brann godt. I gamal furuskog kan ein finne spor av brann med jamne mellomrom bakover i tida, samstundes som området er prega av gamal skog. For ein del artar er brann naudsynt for at dei skal klare seg, og mange av desse artane er no sjeldne fordi brann i våre dagar vert sløkt.

Det har difor vore foreslått at ein i nokre naturreservat berre skal la det brenne om det bryt ut skogbrann. Frå anna hald vert det hevda at ein har så lite gamal naturskog att i Noreg, at ein ikkje kan risikere å la den bli øydelagd i brann. Langt på veg får ein dei naudsynte naturverdiane om ein i staden let det brenne i yngre skog.

Når det gjeld ansvar og utgifter for grunneigar ved ein skogbrann, vert dette ikkje handsama i forvaltningsplanen. Uavhengig av om skogen er verna eller ei, så vert dette spørsmålet handsama av anna lovverk og reglar.

3.4 Jakt

Vernet er ikkje til hinder for jakt som er grunneigar sin rett innanfor gjeldande lover og reglar. Det har vore 3-4 jaktlag som har utøvd storviltjakt innanfor Årdalen naturreservat. Korleis dette er organisert fell utanfor forvaltningsplanen.

For uttransport av lovleg felt storvilt i utmark har grunneigar under normale tilhøve lov til å nytte motoriserte køyretøy som sekshjuling/"jarnhest" når viltet er felt, men i Årdalen er motorisert ferdsel ikkje tillete i følge verneforskrifta. Dette emnet var eit tema i erstatningsoppgjeret, og grunneigarar har hatt søkjeplikt til Fylkesmannen. Dersom løyve for uttransport av lovleg felt storvilt ikkje vart gjeve, kunne grunneigarar ta opp at erstatningsoppgjeret.

Fylkesmannen har uttrykt forståing for behovet for motorisert uttransport i Årdalen, der det kan vere betydeleg avstand til veg, og gjeve løyve til bruk av jarnhest til dei grunneigarar/jaktlag som har søkt:

- Svein T. Dale: 2004-2006
- Helge Klemmetsen: 2007-2009
- Gunnar Nordgarden: 2008 og 2009

I kvar enkelt søknad har det vore spesifisert kva for transportmiddel ein ynskja å bruke. I sitt svar, som i kvart enkelt tilfelle altså gav løyve til køyring, har fylkesmannen sett opp ein del vilkår for køyringa. Det har vore lagt vekt på verneformålet for Årdalen naturreservat som er å ivareta natur som er lite påverka av menneskelege inngrep. Fylkesmannen gjorde for nokre år sidan ei undersøking i verneområdet for å vurdere skadar etter bruk av ulike motoriserte køyretøy for å frakte ut elg. Konklusjonen vart at så lenge køyringa reduserast til eit minimum og ein unngår parti som er ekstra sårbare for køyreskade som til dømes fuktige myrer, er det avgrensa kor stort omfang av skader denne aktiviteten førar til.

3.5 Friluftsliv

Som eit flott naturområde, er Årdalen relativt mykje brukt til friluftsliv. Sjå 3.6 for informasjon om korleis ein kjem seg til området.

Særleg trafikken til fots frå Dale og opp til Rjukanfossen kan vere stor, og stien opp dit ber fleire plassar preg av å vere slitt med stadvis merkbar erosjon. Denne delen av stien ligg utanfor verneområdet, og er difor ikkje omfatta av denne planen.

I kanten av vollen ved Rjukanfossen er det eit bratt juv ned mot elva som kan vere farleg om ein skulle falle utfor. Det skjedde ei ulukke her for nokre år sida, og ei synfaring med lensmannen vart gjort. Slutninga var at dette er villmark og ein ferdast på eige ansvar. Det kan ikkje reknast som eit offentleg ansvar å sikre juvet med t.d. gjerde. Det har derimot vore foreslått at stien kunne flyttast lengre bort frå juvet, men då det ikkje er plass andre stader på vollen måtte det i så fall bli langt oppe i skogen.

Ein del folk går vidare frå Rjukanfossen og opp til Ånebjør, men ovafor Ånebjør er det heller liten ferdsel. Ved Ånebjør rapporterar grunneigar om at folk legg att eingangsgrillar og anna søppel og tek seg inn i støylen og bruker ved og gass.

Fleire, blant dei Bygland kommune, rapporterar om at stien gror att og vert vanskelegare å ferdast på der tre har ramla ned. Somme tider har og beverdammar lagt delar av stien under vatn. Det er tatt til orde for at stien bør reinskast. Samstundes seier verneforskrifta at det ikkje må "merkast opp turistløyper i reservatet". I samband med at reservatet vart oppretta, ville turistforeninga merke sti og nytte støypane til overnatting. Dette vart avslått. Årdalen er eit naturreservat, og ein tenker at folk som ferdast her er friluftsvande og at ein del av opplevinga er at det er lite tilrettelagd. Nedfalne tre er freda og viktige for biologisk mangfald.

Like fullt er det bygd to enkle bru over Tovdalselva som gjer det mogeleg å ta seg over til austsida av elva og oppover Årdalen. Bruene vart erstatta med nye hausten 2008, men dei vil etter kvart trengje vedlikehald/utskifting. Fleire opplever bruene som smale og ubehagelege å ta seg over, og det ville vere betre om bruene var ein stokk eller to breiare, og/eller hadde rekkverk. Samstundes skal det leggast vekt på at bruene ikkje stikk seg ut meir enn naudsynt i terrenget.

Den tilrådde stien nordfrå ligg på vestsida av elva. Det går greitt å bevege seg nedover Årdalen på vestsida, men hovudstien ligg på austsida. Når det ikkje er for mykje vatn i elva, er det mogeleg å ta seg over på svaberga nedst i Åraksfossen eller å vasse over like nedanfor Videstøyl. Her var det i gamle dagar ei bru, men grunneigarane ynskjer ikkje å byggje opp att denne brua.

Verneforskrifta seier at vernet ikkje er til hinder for fiske. Dette gjeld og om grunneigar skulle ynskje å drive målretta oppfisking for å auke storleiken på fisken. Det er derimot ikkje nemnt noko om anna fiskekultiveringstiltak.

Verneforskrifta seier at *"det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes (...) gjødsling og bruk av kjemiske middel."* Kalking i vatn for å bøte på forsuring ville ikkje reknast som endring av naturmiljøet, men som restaurering/tilbakeføring. Årdalen reknast ikkje som sterkt forsuringpåverka, og generelt er forsuringstilhøva mykje betre enn for 20 år sidan i heile landsdelen. I noverande situasjon ligg det ikkje an til at Årdalen vil få løyve til kalking eller verte prioritert i samband med kalkingstilskot, og av den grunn vil ikkje løyve til køyring i samband med dette bli gjeve.

Uavhengig av om eit område er verna eller ei er det slik at utsetting av innlandsfisk krev løyve frå fylkeskommunen. Det er no lovfesta krav om at utsetting av fisk berre kan skje med staden stamme. Eventuell flytting av villfisk må og ha løyve frå Mattilsynet som har streng praksis av omsyn til fare for sjukdomspreiing. Det er ikkje grunnlag for å gje løyve til å setje ut fisk innanfor reservatgrensa fordi det finst staden aure både i elva og i Furebuvatn, som er den einaste innsjøen.



3.6 Nærliggande område

Forvaltningsplanen skal i utgangspunktet berre omhandle verneområdet. Samstundes er det nokre punkt som er knytt til tilgjenget til verneområdet.

Dei fleste som vil gå tur i Årdalen kjem i bil, og fleirtalet kjem nok inn frå Tovdalssida. Det vert hevda at det ofte ikkje er tilstrekkeleg med parkeringsplassar langs "rundkøyringa" ved Dale, øvst i Tovdal. Ein finn og ein del søppel ved parkeringsplassane, og det er sakna søppelkassar her som tømmost av det offentlege. Langs stien mellom Dale og Rjukanfossen fram til vernegrensa kan det og bli noko søppel.

For å kome inn på hovudstien opp mot Rjukanfossen har ein vanlegvis kryssa elva over ei "traktorbru" som ligg på eigedomen som høyrer til garden Dale. Denne brua vart øydelagd av ein stor flaum i mai 2008, og lensmannen la ned forbod mot å ferdast over brua. Brua vart reparert i 2009.

Frå Åraksbø i Bygland er det betalingsbom ved Haugetveit og så er vegen stengd med låst bom like etter at vegen har kryssa Tovdalselva før Sveigi. Vegen vidare inn mot Furebuvatn er med andre ord berre tilgjengeleg med bil for grunneigarar og andre med nøkkel. Ein snau kilometer før brua er det mogeleg å parkere ein del bilar på eit ope område på sørsida av vegen. Det er derifrå den beste stien går ned mot Årdalen nordfrå. Det er eit par kilometer å gå før ein når reservatgrensa på vestsida av elva. På austsida av elva går det ein traktorveg om lag ein kilometer søraustover mot Bjoruvstøyl, men vidare derifrå er det vanskeleg komme fram i retning Årdalen.

3.7 Informasjon

Det er utarbeidd ein brosjyre om Årdalen naturreservat med tema berggrunn, topografi, jordsmonn, klima, vegetasjon, dyreliv, tradisjonell bruk, ivaretaking av naturkvalitetane i Årdalen og verneføresegner. All tekst er på nynorsk, engelsk og tysk. Av opplaget er det no berre nokre få eksemplar att. Brosjyren vart sendt ut til kommunane for lokal distribusjon.

Ved Rjukanfossen, i sørgrensa til reservatet, står ein plakat på 70 x 100 cm med informasjon om natur og vernereglar i Årdalen. Same plakat står og ved vegen på Byglandssida, i nordenden av reservatet og ved snuplassen nord for Furebuvatn. Plakatane er montert på eit trestativ. Slike plakatar må skiftast med ujamne mellomrom, avhengig av type plakat og av vær og vind og hærverk. Særskilt plakaten ved Rjukanfossen er utsett på grunn av fukt. Ved parkeringsplassen på Dale er det skilting mot Rjukanfossen.

På strategiske punkt på grensa rundt reservatet er dei tradisjonelle små verneskilta med riksløva og "Naturreservat" satt ut. Det gjeld følgjande stadar:

1. Vest for Tovdalselva langs hovudstien nordfrå (ML 39825 33764)
2. Ved vollen tvers overfor Rjukanfossen (ML 43504 27833)
3. I nordaustenden av Furebuvatn (ML 41382 34236)

Det er utarbeidd ein rekke rapportar som skildra ulike faglege tema i Årdalen særleg i samband med tidlegare søknader om kraftutbygging. Desse er referert til i teksten i kapittel 2 og gjengjeve i litteraturlista i kapittel 6.

4 Forvaltningsoppgåver og tiltak

4.1 Forvaltningsmål og bevaringsmål

Retningsliner frå Direktoratet for naturforvaltning seier at bevaringsmåla helst skal vere målbare slik at ein kan dokumentere ei eventuell forandring. Bevaringsmåla skal også ligge innanfor føremålet med vernet.

Verneforskrifta kap. III seier: "*Føremålet med fredinga er å ta vare på eit større samanhengande naturområde som er lite påverka av menneskelege inngrep, og med ein variert natur som samla er representativ for midtre delar av fylket.*"

Fokuset på det urørte tyder ikkje at ein har som mål at alle spor etter menneskelege inngrep skal gå ut, men ein vil heller ikkje aktivt gå inn for å halde ved like dei spora ein kan finne gjennom aktiv skjøtsel. På denne bakgrunn har forvaltningsstyresmakta følgjande mål for forvaltninga av Årdalen naturreservat:

Forvaltningsmål:

1. Preget av lite påverka natur og størst mogleg biologisk mangfald skal vidareførast.
2. Forvaltninga av verneområdet skal gjere det mogleg å oppleve lite påverka natur gjennom tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av tilrettelegging.
3. Innanfor desse rammene (punkt 1 og 2), vil ein søkje å gjere det enkelt for grunneigarane å vedlikehalde støyane.

Bevaringsmål:

1. Mengd gamalskog og daudt ståande og liggjande trevirke skal aukast, og dermed er også tilhøva til stades innanfor verneområdet for framleis jamleg hekking av alle dei sju hekkande hakkespettartane i Noreg. Hakkespettane er viktige i seg sjølv, men i denne samanheng og som indikatorartar på stort biologisk mangfald.
2. Myrområda skal ivaretakast slik dei var ved vernetidspunktet og ikkje råkast av slitasje.
3. Sikre nærvere og naturleg forynging av gran (jf. status som "genressursreservat" sjå kap. 4.2).

4.2 Biologisk mangfald

Den fremste verdien for biologisk mangfald i Årdalen er natur med liten grad av menneskeleg påverknad. Slike naturtypar treng ikkje skjøtsel eller tiltak for å halde på eller auke sin verdi. Forvaltningsstyresmakta finn difor ikkje grunnlag for å sette i verk tiltak i så måte.

Eit unntak kan vere nærvere av osp som er viktig for hekking av hakkespettar og hjortevilt. Osp er ein suksesjonsart som over tid blir sjeldan i skog som ikkje er utsett for forstyrning som til dømes brann, vindfall, ras eller hogst. Forvaltningsstyresmakta vil ved neste rullering i forvaltningsplanen ta stilling til om det er naudsynt og ønskjeleg med tiltak for å behalde eller auke mengda osp i Årdalen.

Årdalen naturreservat er av Norsk institutt for skog og landskap utpeika som genressursreservat for gran i lag med berre fire andre naturreservat i Noreg. Formell forankring saknast førebels. Status som genressursreservat inneber ingen særskilte tiltak anna enn å sikre noverande nærvere av gran og gjennom dette forynginga av den. Forvaltningsstyresmaktene ser inga trugsmål mot grana i Årdalen og legg difor ikkje opp til konkrete tiltak for denne perioden av forvaltningsplanen. Ved rullering av forvaltningsplanen bør tematikken vurderast på ny.

Auren i reservatet har verdi som representant for det opphavlege genetiske mangfaldet til aure i regionen, fordi den overlevde forsurningsperioden på 1900-talet (sjå kap 2.4).

4.3 Kulturminne og kulturlandskap

Årdalen har mange spor etter til dels omfattande bruk gjennom hundrevis av år. Samstundes omhandlar ikkje verneføremålet å ivareta kulturlandskap som i våre dagar stort sett må gjerast ved omfattande, kostnadskrevjande skjøtsel. For offentlege styresmakter slike tiltak meir rasjonelt å gjennomføre nærare veg der det bur folk. Dette må og sjåast i samanheng med at det stort sett ikkje er funne høge biologiske kulturlandskapsverdiar i Årdalen.

Forvaltningsstyresmakta vil etter samråd med Direktoratet for naturforvaltning difor ikkje sette i verk tiltak eller gje økonomisk stønad til aktivitet for å ivareta kulturlandskapsverdiar i Årdalen. Verneforskrifta opnar i §5 pkt. 3 og 4 for at grunneigarane kan drive naudsynt vedhogst og anna skjøtselstiltak i områda rundt dei tre aktive støylane (Stuvestøyl, Ånebjør og Videstøyl), og beiting med husdyr kan vidareførast (sjå kap 4.4 for retningslinjer). Utplassering av saltstein kan og gjerast slik at det blir meir beiting nær støylane. Det er mogeleg for grunneigarane å søkje SMIL-midlar og liknande frå kommunane til vedlikehald av kulturlandskapet rundt støylane. Skjøtselsråd kan ein finne hjå Svalheim (2008).

Vedlikehald av støylandskapet er ei særleg utfordring i høve til området ved Nuten der dei biologiske verdiane er høge. Ein vil ved neste rullering av forvaltningsplanen på ny ta stilling til om det er aktuelt å sette i verk tiltak ved Nuten. Forvaltningsstyresmakta vil oppmode grunneigarane om mogeleg å utplassere saltstein ved Nuten. Restaurering og bevaring av kulturminne er ikkje rekna som eit ansvar under denne forvaltningsplanen.

4.4 Støylseigedomar og bygningar


Berre eksisterande bygningar på dei tre eksisterande støylane Stuvestøyl, Ånebjør og Videstøyl kvalifiserar for vidare ordinært vedlikehald, og at det er ikkje høve til å bygge opp att nedraste bygningar utan løyve. Ansvar for og kostnader ved vedlikehald av bygningar ligg til eigar, men eigar er ikkje pliktig til å vedlikehalde bygningane. Verneforskrifta legg ikkje hinder i vegen for ordinært vedlikehald, men ved fasadeendring, tilbygg og liknande på støylane må tiltakshavar søkje Fylkesmannen om dispensasjon frå verneforskrifta og kommunen om dispensasjon frå og plan- og bygningslova. Søknaden blir vidaresendt til fylkesmannen som vil i) gje førehandsuttale til kommunen etter plan- og bygningslova, ii) og fatte vedtak etter verneforskrifta. For at tiltaket skal kunne gjennomførast må ein ha dispensasjon frå både verneforskrifta og plan- og bygningslova.

Motorferdsel for transport av materialar og utstyr, eller eventuelt andre føremål, må også søkjast om til kommunen på ordinært vis. Kommunen har ansvar for å sende saka til fylkesmannen som forvaltningsstyresmakt, for sakshandsaming etter verneforskrifta. Verneforskrifta er klar på at det kan gjevast løyve til motorisert ferdsel på vinterføre til slike føremål.


I og med at føremålet med vernet er å bevare natur som er lite påverka av inngrep, er det viktig at vedhogst går føre seg så skånsamt som mogeleg (jf. verneforskrifta V pkt. 4). Konkrete vedhogstområde er avgrensa på kart ut frå kva som har vore ope støyalsvollar, samstundes som ein har teke omsyn til kantsoner mot bekk og myr.

Fylkesmannen vil gje følgjande retningslinjer:


1. Det kan berre hoggast ved som skal brukast på sjølve støylen.
2. Det kan berre hoggast innanfor dei avgrensa vedhogstområda som er vist på kart i forvaltningsplanen.
3. Det er ikkje anledning til å ta
 - a. særprega og/eller gamle tre
 - b. tre med reirhol eller reirfunksjon for ugler, rovfuglar og andre raudlisteartar
4. Det ikkje er tillete å ta ståande eller liggjande daut ved utanfor vedhogstområdet avmerka på kart.



Figur 5: Kart over vedhogstområde på Videstøyl.



Figur 6: Kart over vedhogstområde på Ånebjør.



Figur 7: Kart over vedhogstområde på Stuvestøyl.

For vedlikehald av bygningar kan det på staden fritt skjærast plankar av tre innanfor områda avmerka for vedhogst. Dersom ein vil hogge tre utanfor vedhogstområda, må det søkjast skriftleg til forvaltningsstyresmakta. Søknaden må omtale treslag, kor mange tre og lokalisering av dei trea ein ynskjer å hogge. Det vil ikkje under noko omstende bli gjeve løyve til felling av trær over vernskogsgrensa (kote 630 på vestsida og kote 660 på austsida). Dersom tiltaket kjem i strid med verneformålet kan det ikkje gjevast løyve.

Ein bygning på kvar av dei tre omtala støyane er av Åmli kommune kategorisert til "fritidsføremål". Verneforskrifta om bruk og vedlikehald av eksisterande setrer med setervollar er knytt til "seterdrift", men ein driv i liten eller ingen grad med tradisjonell seterdrift i Årdalen i dag. Forvaltningsstyresmakta legg til grunn at den private bruk av støyane i dag for til dømes overnatting og jakt kan reknast inn i det forskrifta legg opp til, men desse kan ikkje sjåast på som fritidsbustadar i vanleg forstand. Forskrifta presiserar at oppmerking av turistløyper ikkje er tillete, og det er tidlegare fatta vedtak om at støyalar i Årdalen ikkje kan gjerast om til turishytte.

I samband med beiting og bruk av støyane er det ikkje noko i vegen for å sette opp gjerder kring setervollane eller sjølve bygningane så lenge det er på innmark på støyalsvollane og ikkje går ut over verneføremålet eller er til hinder for allmenn ferdsel.

4.5 Beiting og anna landbruk

Verneforskrifta legg ikkje nokre hindre i vegen for utmarksbeite med sau eller seterdrift i Årdalen. Samstundes er det ikkje eit prioritert område for forvaltningsstyresmaktene å stimulere spesielt til beiting (sjå ovanfor), og forvaltningsplanen tar difor ikkje særskilde grep i så måte.

I samsvar med motorferdsellova skal motorferdsel i utmark avgrensast av omsyn til naturen generelt. Motorferdsel for transport av saltstein er som landbruksverksemd normalt ikkje søkjepliktig, men må søkjast om til fylkesmannen. Verneforskrifta er klar på at det kan gjevast løyve til motorisert ferdsel på vinterføre til slike føremål, men det kan hende det er vel så praktisk å frakte saltsteinar til fots.

4.6 Skogbrann

Forvaltningsstyresmakta vurderer Årdalen som eit så viktig naturområde at ein ikkje vil la det brenne om det skulle bryte ut skogbrann. Slokking skal difor skje på normal måte. Jf. elles kap.3.3.

4.7 Jakt

Grunneigar kan fritt drive småvilt- og storviltjakt på eigen grunn i Årdalen naturreservat, eller leige ut jaktrettane.

Forvaltningsstyresmakta vil for den perioden forvaltningsplanen gjeld, gje grunneigar eller den grunneigar gjev skriftleg fullmakt, generelt løyve til bruk av beltekøyretøy med lågt marktrykk (som jarnhest) for uttransport av elg og hjort på følgjande vilkår:

- Berre beltekøyretøy med lågt marktrykk kan nyttast, ikkje firehjuling eller liknande.
- Køyring skal skje slik at skadane blir minimale. Det skal tas særleg omsyn til område som er sårbare for køyreskadar, som t.d. fuktige myrer.
- Det kan berre køyrast inn i verneområdet når viltet er felt og lokalisert. Dette er i tråd med regelverk elles i Noreg.
- Jaktleiar må kjenne reglane som gjeld for uttransport av elg og hjort etter *motorferdsellova* og *forskrift for bruk av motorkjøretrøyer i utmark og på islagte vassdrag*.
- Grunneigar skal føre logg over bruk av beltekøyretøy og på førespurnad frå forvaltningsstyresmakta eller Statens naturoppsyn (SNO) kunne gjere greie for tid og trasé beltekøyretøy har vorte brukt dei einskilde år.



Figur 8: Djupe hjulspor etter ATV, her frå myr vest for elva ved Kvislestøyl, er ikkje noko ein ynskjer i Årdalen naturreservat, som mellom anna har verdifulle myrområder. Difor er det berre tillete å bruke beltekøyretøy med lågt marktrykk. Foto: Peter Hermansen.

Forvaltningsstyresmakta kan undervegs i planperioden vurdere effektane av bruk av beltekøyretøy og stramme inn på praksisen dersom konsekvensane visar seg å være i strid til verneføremålet. Løyve frå grunneigar må alltid liggje føre der ein kryssar annan manns grunn med motorisert køyretøy.

4.8 Friluftsliv

Stiar

I tråd med at området skal takast vare på som eit område med lite preg av menneskeleg påverknad, vil forvaltningsstyresmakta ikkje gjere tiltak for å vedlikehalde hovudstien frå Rjukanfossen og oppover. Nedfalne tre skal i utgangspunktet få liggje, men tre som stenger stien kan leggest til side og om naudsynt delast opp, dette er SNO sin oppgåve. Det er ikkje aktuelt å gjere inngrep i beverdammar, og ein ser det ikkje som naudsynt å flytte stien ved vollen tvers overfor Rjukanfossen. Ein vil i staden setje opp ei åtvaring om at det kan vere særskilt glatt i området ved frost.



Figur 9: Årdalen har lite preg av menneskeleg påverknad. Ein vil gjere minst mogeleg for å vedlikehalde stien. Nedfalne tre ein nokså lett kjem seg over skal få liggje. Tre som sperrer stien heilt kan leggest til side og om naudsynt delast opp Foto: Christian Steel.

Bruer

Statens naturoppsyn (SNO) vil få ansvar for å halde oppsyn med og vedlikehalde bruene:

1. Over lita sidegrein av elva om lag 400 meter ovafor Rjukanfossen (ML 43446 28269)
2. Over hovudelva om lag 500 meter ovafor Rjukanfossen (ML 43542 28380)

Bruene er no breiare enn før, og ein meiner det skal vere tilstrekkeleg for å kome seg greitt over under normale tilhøve. Ein legg ikkje opp til rekkverk, då dette vil kunne gje ein falsk tryggleik ved vanskelige tilhøve elles i elva. Det reknast ikkje som aktuelt å føre opp fleire bruer i Årdalen, heller ikkje der det tidlegare var ei bru litt vest for Videstøyl.



Figur 10: SNO i arbeid med å lage ny bru (nr. 1) over eit sidelaup av elva. Foto: Peter Hermansen.

Telting

Telting kan skje etter vanlege reglar med inntil to døgn i utmark i samsvar med friluftsløva.

Avfall

Forvaltningsstyresmakta har generelt ikkje ansvar for å hindre forsøpling på privat grunn, men vil i informasjonstiltak om reservatet oppmode folk om å ikkje å forsøple og legge att avfall som til dømes eingongsgrillar og gjere merksam på at det ikkje er lov å grave ned søppel. SNO vil ta med seg det dei har kapasitet til å bere.

Brenning av bål

Verneforskrifta gjev ikkje eigne reglar for brenning av bål, men dei generelle reglane i Noreg er at det ikkje er tillete å gjere opp eld (bål, grill eller liknande) i skog og mark frå 15. april til 15. september utan løyve frå brannsjefen i kommunen. Det er ikkje høve til å forby eingongsgrillar.

Verneforskrifta seier at "vegetasjonen, herunder daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging". Det tyder at det ikkje er lov å nytte daude kvister og greiner til bål i Årdalen, og ein lyt difor ha med eigen ved.

I perioden det er tillete å gjere opp eld:

1. Tenk over kor du plasserar bålet i forhold til nærliggjande brennbart materiale, vindretning og vindstyrke.
2. Unngå å brenne materiale som gir gnistar med fare for brannspreiing over store avstandar
3. Hald oppsyn med bålet så lenge det er tent
4. Forlat aldri bålet før du er heilt sikker på at det er skikkeleg sløkt med store mengder vatn. Å gå frå eit brennande bål kan reknast som aktaust og vere straffbart.

Fiskekultivering

Det synes å vere lite aktuelt å gjeve løyve til kalking i Årdalen naturreservat. Det skal heller ikkje setjast ut fisk fordi det er naturleg rekruttering av stadeigen aure både i elva og den einaste innsjøen, Furebuvatn.

4.9 Nærliggjande område

Område utanfor reservatet omfattast ikkje av denne forvaltningsplanen. Det er ikkje aktuelt leggje opp til tilrettelegging med marknadsføring av reservatet for kommersiell turisme. Areal som grensar opp til reservatet vil framleis verte nytta uavhengig av verneforskrifta.

Samstundes er det vel kjend at Rjukanfossen trekk til seg mange turfolk. I samband med det vil Fylkesmannen sjå nærare på følgjande problemstillingar saman med grunneigarane, Åmli kommune og Statens vegvesen:

1. Tilhøva for parkering ved Dale øvst i Tovdal
2. Avfallsoppsamling same stad

Det vil med løyve frå grunneigar bli utplassert ein ny informasjonsplakat ved Dale og ved parkeringa på Byglandssida (sjå kap. 4.10).

4.10 Informasjonstiltak

Informasjonsplakatane (70x100 cm) vil verte omarbeidd, slik at dei gir felles informasjon for Årdalen, Rukkevatn og Furebuheii naturreservat. Plakaten ved Rjukanfossen er ikkje optimalt plassert og vil bli erstatta med ein mindre plakat med anna innhald. Plakaten på Byglandssida og ved Furebuvatn vil bli erstatta, og ein vil med løyve frå grunneigarane utplassere to nye plakatar slik at det i alt blir fire:

1. Nær parkeringsplassen ved Dale (ny: ved ML 45270 26158 eller kanskje over brua på vestsida av elva for å leie folk på rett veg mot Rjukanfossen)
2. Der stien nordfrå inn mot Årdalen tek av frå Byglandsvegen (ved ML 38923 34831)
3. Ved snuplassen nord for Furebuvatn, innanfor bommen (ved ML 412 344)
4. Der bomvegen frå Gjøvdal opp Rukkedalen ender like utanfor Rukkevatn naturreservat (ny; ved ML 47105 31875)

Forvaltningsstyresmakta vil oppgradere informasjonsplakatane ved behov.

På vollen tvers overfor Rjukanfossen (ved ML 43501 27838) vil ein sette opp ein kortfatta informasjonsplakat som átvarar om at vollen kan vere svært glatt ved frost og som minner om dei viktigaste vernereglane, inkludert reglar om avfall og brenning av bål.

I tillegg vil forvaltningsstyresmakta, dersom eigar ser det naudsynt, setje opp skilt ved Ånebjør om forbod mot å legge att avfall.

Ein ser det ikkje naudsynt med fleire av dei små verneskilta.

Det er få eksemplar att av den gamle informasjonsbrosjyren frå 1994. Forvaltningsstyresmakta vil få trykt opp ein oppdatert versjon av brosjyren i løpet av 2011. Den vil bli send ut til kommunane og andre besøksstader. Brosjyren vil og bli lagt ut på fylkesmannen si heimeside.

4.11 Oppsummering av tiltak

Det følgjande er ei oppsummering av konkrete tiltak som skal setjast i verk som følgje av forvaltningsplanen:

Tiltak	Aktør	Medverkande	Frist
Legge til side tre som stenger stien	SNO		Årleg
Oppsyn med dei to bruene i reservatet	SNO		Årleg
Vedlikehald av dei to bruene i reservatet	SNO	Grunneigar	Ved behov
Ta med søppel, etter kapasitet	SNO		Årleg
Sjå på tilhøva for parkering ved Dale øvst i Tovdal	Fylkesmannen	Åmli kommune, Statens vegvesen	
Sjå på avfallsoppsamling ved Dale	Fylkesmannen	Åmli kommune	
Nye plakatar utarbeidast og plasserast i samråd med grunneigarar, likeeins skilt med åtvaring ved Rjukanfossen	Fylkesmannen og SNO	Grunneigar	2011
Opptrykk av informasjonsbrosjyre	Fylkesmannen		2011

5 Forvaltningsstyresmakt, sakshandsaming og oppsyn

5.1 Forvaltningsstyresmakt

Forvaltningsstyresmakt for Årdalen naturreservat er lagt til fylkesmannen i Aust-Agder. Miljøvern-departementet skal i nær framtid sende ut eit nytt brev med omsyn til forvaltningsstyresmakt og lokalt ansvar for naturreservat og korleis kommunane eventuelt kan søkje om å overta forvaltningsmynde.

Aust-Agder fylkeskommune, kulturvernseksjonen har forvaltningsmynde for kulturminnar verna etter kulturminnelova.

5.2 Sakshandsaming

Verneforskrifta og forvaltningsplanen for Årdalen naturreservat set rammene for bruk og forvaltning av naturreservatet.

Tiltak der både fylkesmannen og kommunen skal fatte vedtak:

Alle typar tiltak som etter verneforskrifta for Årdalen naturreservat er søkjepliktige eller er i strid med denne, skal det søkjast om. Dersom tiltak og fell inn under lov eller forskrift som føreset kommunal sakshandsaming, skal søknad sendast til Åmli eller Bygland kommune, same praksis som hittil. Kommunen vidaresender sakene til Fylkesmannen for sakshandsaming. Fylkesmannen fattar vedtak etter verneforskrifta og gjer samstundes førehandsuttale til kommunen etter plan- og bygningslova eventuelt anna lovverk, før kommunen fattar sitt vedtak.

Tiltak der berre fylkesmannen skal fatte vedtak:

For tiltak som etter verneforskrifta for Årdalen naturreservat er søkjepliktige eller er i strid med denne, men som ikkje fell inn under lov eller forskrift som føreset kommunalt vedtak, skal søknad sendast direkte til fylkesmannen. Fylkesmannen vil handsame saka og fatte vedtak etter verneforskrifta.

Tilretteleggingstiltak etter forvaltningsplanen:

Tiltak som er lista opp i tabellform i forvaltningsplanen er klarert for gjennomføring i forhold til verneforskrifta. Dersom ein er i tvil om eit tiltak kan bli i strid med verneføremål og verneforskrift, skal saka avklarast med Fylkesmannen si miljøvernavdeling før det vert sett i verk.

5.3 Oppsyn

Oppsyn i naturreservatet vert utført av Statens naturoppsyn (SNO). Det vil bli lagt særleg vekt på at vernereglane i høve verneforskrifta vert haldne, og at informasjonstiltaka i form av plakatar er i god stand.

Kva for oppgåver SNO vil ha i tillegg til reine oppsynsoppgåver går fram av kapittel 4. Desse kan bli justert og nærare presisert gjennom den årleg bestillingsdialogen mellom Fylkesmannen og SNO der ein går gjennom tilstanden i alle verneområda i fylket.



5.4 Prosess – arbeidet med forvaltningsplanen

Fylkesmannens utgreiingsarbeid

Fylkesmannen i Aust-Agder engasjerte Christian Steel som konsulent for å utarbeide forslag til forvaltningsplan for Årdalen naturreservat. Arbeidet har vore utført i nær dialog mellom Fylkesmannen og konsulent. Frå Fylkesmannen har arbeidet vore leia av Øyvind Fredriksson og Karin Guttormsen. Grunnlag for fleire viktige punkt i forvaltningsplanen er å finne i brev av 27. oktober 2004 frå Fylkesmannen, der mange prinsipielle saker allereie var omtala.

Undervegs i prosessen har det fleire gonger vore kontakt med Direktoratet for naturforvaltning (DN), som har gitt viktige innspel og nokre prinsipielle avklaringar.

Dialog med kommunane og grunneigarane

Retningslinene frå DN seier at forvaltningsplanar kan vedtas av Fylkesmannen dersom det har vore ein open dialog med eksterne partar.

I forbindelse med oppstart av forvaltningsplanarbeidet inviterte fylkesmannen grunneigarar, kommunar og interessentar til å kome med innspel. Åmli og Bygland kommunar foreslo begge eit møte mellom fylkesmannen, kommunane og grunneigarane for å diskutere synspunkt. Møtet vart halde i Bygland 30. april 2009, og følgjande personar deltok: Kjell Øyvind Berg (sakshandsamar Bygland kommune), Trude Engesland (Bygland kommune), Anne Lise Skjeggedal (prosjektkoordinator reiseliv Åmli kommune), Tor Hallvard Taxerås (plan- og byggesakshandsamar Åmli kommune), Olav Vehus (skogbruksrådgevar Åmli kommune), Mona Klemmetsen og Helge Klemmetsen (grunneigar i begge kommunar), Svein Terje Dale, (grunneigar i Åmli), Nils R. Hammer (grunneigar i Bygland), Heidi Ødegården og Lars Erik Ødegården (grunneigarar i Åmli), Karin Guttormsen (Fylkesmannen), Øyvind Fredriksson (Fylkesmannen) og Christian Steel (konsulent). Prosess og førebelse tankar om innhaldet i forvaltningsplanen vart presentert, og det kom fram ulike synspunkt på kva partane så som viktig å føre vidare. Grunneigarane og kommunane fekk ein frist til 1. juni 2009 med å kome med ytterlegare innspel.

Eit nytt "innspelsmøte" vart halde 17. september 2009 hos Fylkesmannen i Aust-Agder, der igjen grunneigarane og kommunane var invitert. Følgjande personar deltok: Tor Hallvar Taxerås (Åmli kommune), Olav Vehus (Åmli kommune), Nils R. Hammer (grunneigar i Bygland), Helge Klemmetsen (grunneigar i begge kommunar), Peter Hermansen (SNO), Øyvind Fredriksson (Fylkesmannen), Karin Guttormsen (Fylkesmannen) og Christian Steel (konsulent). Innhaldet i forvaltningsplanen kunne denne gongen presenterast langt meir konkret, og det kom fram nyttige tilbakemeldingar og innspel.

Det ligg føre referat frå begge møta.

Høyring

Forvaltningsplanen var på høyring frå 27. oktober til 9. desember 2009. Høyringsuttala er samanfatta og vurdert og gjeve ut til alle partar.

Vedtak

Fylkesmannen sitt vedtak av forvaltningsplanen er eit enkeltvedtak i medhald av forvaltningslova. Vedtaket kan klagast på til Direktoratet for naturforvaltning innan 3 veker frå endeleg forvaltningsplan er motteke.

5.5 Økonomi

Tiltak som fremmer verneformålet ut over det som er grunneigar sitt ansvar uavhengig av vernet, finansierast i hovudsak med statlege midlar. Oppstillinga av tiltak i tabell, kap. 4.11 er ein oversikt over tiltak som forvaltningsstyresmakta ser naudsynt å gjennomføre i perioden. I tabellen er SNO ført opp som aktør for dei fleste tiltaka som inneber at dei står for den praktiske gjennomføringa. Tiltaka er konkrete fysiske tiltak som følgjer direkte av forvaltningsplanen.

Oversikten i tabellen dannar grunnlag for Fylkesmannen sin årlege søknad om midlar til Direktoratet for naturforvaltning (DN) etter samråd med SNO. Fylkesmannen og DN er likevel avhengige av dei årlege løyvingane over statsbudsjettet til verna områder i Noreg.

Når det gjeld overføring av statlige midlar i denne samanheng, er SNO mottakar frå Fylkesmannen og er ansvarleg for rapportering av bruken av midlane.

6 Litteratur

- Aust-Agder fylkeslandbruksselskap 1980. Jordbruk. I: Fylkesmannen i Aust-Agder. *Om bruk og vern i øvre del av Tovdalsvassdraget*. – Fylkesmannen i Aust-Agder. 65 s.
- Aust-Agder Kraftverk 1978. Konesjonssøknad for utbygging av Tovdalsvassdraget. Søknad med bilag til det Kgl. Departement for Olje og Energi, Vassdragsavdelingen.
- Austrud, T. 1980. Om bygningar og nyare tids bruk. I: Fylkesmannen i Aust-Agder. *Om bruk og vern i øvre del av Tovdalsvassdraget*. – Fylkesmannen i Aust-Agder. 65 s.
- Bardalen, A. 1980. *Årdalen, Åmli og Bygland kommuner, Aust-Agder*. – Det norske jord- og myrselskap.
- Bekken J. 1991. *Ornitologi/Østlandet. Fuglefaunaen i Tovdalsvassdraget. Fagrapport for verneplan IV. Vassdrag på Østlandet*. – NVE.
- Bengtson, R. 1988. *Fuglenes hekkeutbredelse i Aust-Agder. Sluttrapport Atlasprosjektet 1970-1985*. – NOF avd. Aust-Agder. 184 s.
- Bengtson, R. 1989. Spetter i Aust-Agder. – *Larus marinus* 19: 35-52.
- Berdal, A.B. 1977. *Geologi. Konesjonssøknad Tovdalsvassdraget. Bilag 3*. – Aust-Agder Kraftverk, Arendal.
- Dalane E. og Lyngstad, H. 1977. Utbygging av Tovdalsvassdraget – virkninger på viltet. Rapport fra viltkonsulenten i Sørvest-Norge 14.10.1977. Konesjonssøknad Tovdalsvassdraget, bilag 8. – Aust-Agder Kraftverk, Arendal.
- Dons, J.A. 1980. Berggrunn. I: Fylkesmannen i Aust-Agder. Om bruk og vern i øvre del av Tovdalsvassdraget. – Fylkesmannen i Aust-Agder. 65. s.
- Elster, M., Bogen, J. og Olsen, H.C. 1990. *Verneplan IV; Geofaglige undersøkelser i Aust- og Vest-Agder. Fagrapport for Verneplan IV*. – NVE.
- Faugli, P.E. 1979. *Geomorfologiske forhold. Konesjonssøknad Tovdalsvassdraget. Bilag 17*. – Aust-Agder Kraftverk, Arendal.
- Faugli, P.E. 1981. *Tovdalsvassdraget – en fluvialgeomorfologisk analyse*. – Rapport 21 1981. Kontaktutvalget for vassdragsregulering, Universitetet i Oslo.
- Fosså, K. 1977. *Utredning om friluftslivet innenfor Tovdalsvassdragets nedslagsfelt. Konesjonssøknad Tovdalsvassdraget bilag 15*. – Aust-Agder Kraftverk, Arendal.
- Fylkesmannen i Aust-Agder 1991. Årdalen naturreservat. Framlegg til vern etter § 8 i naturvernlova. Offentleg ettersyn, lokal høyring. – Fylkesmannen i Aust-Agder.
- Gunnerød, T.B. 1981. *Vannkvaliteten i Tovdalsvassdraget i Aust-Agder, 1972-1975. En vurdering i forhold til planlagt kraftutbygging i vassdraget*. – Rapport 2 1981, DVF reguleringsundersøkelsene.
- Hardeng, G. 1974. *Naturinventeringer i Tovdalsvassdraget, Aust-Agder. Konesjonssøknad Tovdalsvassdraget. Bilag 2*. – Aust-Agder Kraftverk, Arendal.
- Hvoslef, S. 1989. *Botaniske undersøkelser på Østlandet. Botanisk fagrapport for verneplan IV*. – NVE, 18. desember 1989.
- Høiland, K. og Pedersen, A. 1974. *Botaniske inventeringer av Årdalen (Aust-Agder) og områdene omkring Grøssæ (Telemark). Rapport til Miljøverndepartementet, Bot. Nr. 16. Konesjonssøknad Tovdalsvassdraget. Bilag 2*. – Aust-Agder Kraftverk, Arendal.
- Hågvar, S. 1991. Truete og sårbare barskogsinsekter. – *Fauna* 44: 20-29.
- Korsmo, H., Moe, B. og Svalastog, D. 1991. *Verneplan for barskog. Foreløpig regionrapport Øst-Norge*. – NINA Utredning 25. 190 s.
- Kroken, A. 1990. *Friluftsliv. Fagrapport for verneplan IV*. – NVE, februar 1990.
- Lindblom, I. 1982. *Forminner i Tovdalsvassdraget, Aust-Agder*. – Varia 8, Universitetets Oldsaksamling, Oslo.
- Moen, A. 1974. *Myrer med særlig høy verneverdi i Agderfylkene. Foreløpig rapport i forbindelse med den norske myrreservatplanen*. – Stensil. DKNVS Museet, Universitetet i Oslo.
- Moss, O.O. 1979. *Botaniske inventeringer i Tovdalsvassdraget. Sammendrag og konklusjon. Konesjonssøknad Tovdalsvassdraget. Bilag 27*. – Aust-Agder kraftverk, Arendal.
- Norsk institutt for skog og landskap 2009. *Oppdatering vedr etablering av genressursreservater for trær*. – Brev av 02.07.2009 frå Skog og landskap til Fylkesmennene, ref. 09/7/TOM.

- Pedersen, A. 1980. *Planteliv (vegetasjon og flora)*. I: Fylkesmannen i Aust-Agder. Om bruk og vern i øvre del av Tovdalsvassdraget. 65 s.
- Rogn, N. og Hesjedal, O. 1977. *Vegetasjonskartlegging av dei potensielle magasinområda i Topsø, Årdalen og Natveit, Tovdalsvassdraget. Konesjonssøknad Tovdalsvassdraget. Bilag 11.* – Aust-Agder Kraftverk, Arendal.
- Saltveit, S.J. 1979. *Tovdalsvassdraget. Foreløpig notat om bunndyr og konsekvenser av en eventuell regulering. Konesjonssøknad Tovdalsvassdraget. Bilag 29.* – Aust-Agder Kraftverk, Arendal.
- Seljås, S. 1990. *Konsekvensar for framtidig utnytting av skog- og jordressursane i Årdalen i Bygland og Åmli kommune ved verning av Høyknuten som del av verneplanen for barskog i Aust-Agder.* – Rapport, Agder Skogeigarlag, Kristiansand.
- Spikkeland, I. 1979. *Hydrografi og evertebratfauna i innsjøer i Tovdalen 1978. Konesjonssøknad Tovdalsvassdraget. Bilag 28.* – Aust-Agder Kraftverk, Arendal. Rapport 9 1979. Kontaktutvalget for vassdragsreguleringer, Universitet i Oslo.
- Stokland, J.N. 1989. Hva slags skog må hakkespetter ha? – *Larus marinus* 19: 53-54.
- Stokland, J.N. 1991. Skogbrukets innvirkning på truede og sårbare arter i barskog. – *Fauna* 44: 11-19.
- Svalheim, E.J. 2004. Kvalitative undersøkelser på utmarksbeiter i Aust-Agder. – Prosjektrapport Fylkesmannen i Aust-Agder.
- Svalheim, E.J. 2008. Kulturlandskapet i Årdalen. – Notat til Fylkesmannen i Aust-Agder. 12 s.
- Vollen, R. 2008. Bygland gard og ætt. Band V.
- Wabakken, P. 1979. *Vertebrater, med vekt på fugl og pattedyr, i Tovdalsvassdragets nedbørfelt, Aust-Agder. Konesjonssøknad Tovdalsvassdraget. Bilag 26.* – Aust-Agder Kraftverk, Arendal. Rapport 79/03. Kontaktutvalget for vassdragsreguleringer, Universitetet i Oslo.

Vedlegg

I. Verneforskrift

Forskrift om vern av Årdalen naturreservat, Åmli og Bygland kommunar, Aust-Agder.

Fastsatt ved kgl.res. 17. desember 1993. Fremmet av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 8, jfr. § 10 og §§ 21, 22 og 23, er eit naturområde i Åmli og Bygland kommunar i Aust-Agder fylke freda som naturreservat ved kgl.res. av 17. desember 1993 med namnet Årdalen naturreservat.

II

Fredinga femner om følgjande gnr./bnr.: 6/1, 6/2, 6/4, 6/5 og 7/9 i Åmli kommune og 20/1, 24/1, 26/2, 31/2 og 31/6 i Bygland kommune.

Det freda arealet er på om lag 21,3 km², med 15,5 km² i Åmli kommune og 5,8 km² i Bygland kommune. Grensene for naturreservatet framgår av kart i målestokk 1:20.000, datert Miljøverndepartementet 1992.

Kartet og verneføresegner oppbevarast i Åmli og Bygland kommunar, hos Fylkesmannen i Aust-Agder, Direktoratet for naturforvaltning og Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkjast av i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

III

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit større samanhengjande naturområde som er lite påverka av menneskelege inngrep, og med ein variert natur som samla er representativ for midtre delar av fylket.

IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjonen, herunder daude buskar og tre, er freda mot skade og øydeleggjing.

Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast.

Dyre- og fuglelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydeleggjing.

2. Det må ikkje setjast iverk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar og andre faste innretningar, framføring av luftleidningar, vegbyggjing, bergverksdrift, vassdragsregulering, drenering og anna form for tørtleggjing, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, tømning av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

3. Motorisert ferdsel til lands og til vanns er forbode.

4. Det må ikkje merkast opp turistløyper i reservatet.

V

Bestemmelsene i kap. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsøyemed.
2. Sanking av bær og matsopp.
3. Utnytting av området til sauebeite.
4. Bruk og vedlikehald av eksisterende setrer med setervollar i samband med seterdrift. Naudsynt vedhogst til bruk ved desse setrene kan skje etter nærare retningsliner frå forvaltningsstyresmakta.
5. Jakt og fiske

VI

Forvaltningsstyresmakta kan tillate:

1. Motorferdsel på vinterføre i samband med tiltak nemnd under kap. V, pkt. 3 og 4.
2. Mindre ombyggjing av eksisterande setrer når dette er naudsynt for fortsatt bruk i medhald av kap. V, pkt. 4.

VII

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan utføre forvaltningstiltak for å fremje føremålet med fredninga. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som skal innehalde nærare retningslinjer for utføring av forvaltningstiltaka.

VIII

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane når føremålet med fredninga krev dette, samt for vitenskaplege granskingar, arbeider av særleg samfunnsmessig verdi og i særskilte høve, dersom dette ikkje strir med føremålet for fredninga.

IX

Forvaltninga av fredningsvedtaka vert lagt til Fylkesmannen i Aust-Agder.

X

Desse føresegnene trer i kraft straks.